



Heio, idrettens grønne lunge i bygda, er i fin stand igjen. Grunlaget er med andre ord lagt for ein vellukka Spar Cup neste helg. Men framleis er ikkje idrettslaget sitt vedlikehaldsproblem som i stor grad er bygd på dugnad løyst.

For få dagar sidan hadde omtrent halvparten av bana så høgt gras at det egna seg mest til silofor og leiinga i fotballgruppa såg ingen veg ut av krisa. Det gjorde ikkje situasjonen betre at klyppeutstyret hadde havarert fullstendig.

Men då vi stilte spørsmålet om kven som skulle klyppa, tok det til å lysna. Ørjan Haugland sa seg viljug til å stilla opp med utstyret sitt og slå det lengste graset. Sidan er utstyret reparert og eldsjelar i gruppa har slått graset.

I kveld har til dømes Odd Steinar Arnesen vore i aksjon og bana har vorte riktig fin (biletet, foto Ola Matti Mathisen)